

BOKN

BYGDEBLAD


Nr.5

1986

årg.1

Utbygging av Bokn kommunale barnehage

SKAL OPP TIL HANDSAMING I FORMANNSKAP OG KOMMUNESTYRE I MAI/JUNI



Det er 2. etasje i den gamle Kyrkjebygd skule som skal byggjast ut til barnehageformål dersom formannskap og kommunestyre går inn for dette.

Les side 2

ELLES HAR BYGDABLADET DENNE GONGEN MED TO SIDER (S.12-13)
FRÅ 6. KLASSE PÅ BOKN SKULE.

VIL DU SJÅ KVA BOKN BYGDEMUSEUM HAR FOR SAMLINGAR I SOMMAR?
LES SIDE 4.

Utbygging av Bokn kommunale barnehage

I desse dagar skal det avgjerast korvidt det vert noko av den utvidinga som nå er planlagt ved **Bokn kommunale barnehage**. Saka skal opp til handsaming i formannskapet den 27. mai, og vidare i kommunestyret den 3. juni. Dersom dei kommunale organa er positive til planane, kan utbygginga starta alt den 4. juni. Fullføring av arbeidet er i tilfelle sett til 15. august 1986.

Det ligg føre tilbod på golvlegging, jararbeid, elektroarbeid, sanitærarbeid og tømmermannsarbeid. Målararbeidet er det tenkt at kommunen sjølv skal kunna ta på seg.

Dei totale kostnadene ved utbygging vert kr. 270.000.

Auka driftsutgifter pr. år som følgje av utbygging og ekstra tiltak for funksjonshemma blir då på kr. 86.900.

Bakgrunnen for at ein nå vil gå inn for utviding av barnehagen, er at funksjonshemma born treng spesialpedagogisk hjelp tilknytt barnehageopphald. Dette har dei lovheimla krav på, og det ligg føre fagleg tilråding m.a. frå pedagogisk-psykologisk tenestekontor.

Rådmannen er av den oppfatning at dei faglege tilrådingane vanskeleg kan overprøvast, og at lovheimelen talar så sterkt for dette tilbodet til funksjonshemma, at ein vil tilrå at kommunestyret sluttar seg til dei utbyggingsplanane og det auka personalbehov som ligg føre.

I hovudsak kjem den utbygginga som er planlagt, av krav som er stilt for at barnehagen skal bli godkjend for dei funksjonshemma. Det er likevel klårt at utbygginga gjer at barnehagen totalt sett blir betre, m.a. når det gjeld

plass, akkustisk miljø, tryggleik med omsyn til brann osv. Det er og gjort klårt frå barnehagekon-sulenten i fylket si side at barnehagen etter utbyggingsplanen vil bli godkjend for heildagsopphald for heile aldersgruppa 0-7 år. Det er likevel opp til kommunen korleis ein vil utnytta barnehagen innafor dei reglane som gjeld.

Arealauken set og barnehagen i stand til å utvida opptaket av born frå 16 til 18 born frå 3-6 år på avdelinga.

Delar av 2. høgda i Kyrkjebygd skule vert nå nytta til vevstove. For at vevstova ikkje skal pressast ut av bygget på grunn av denne utbygginga, er det teke kontakt med representantar for vevstova for å finna ein eigna stad. Det gamle skulekjøkenet i 3. høgda med tilstøytande smårom er dårleg utnytta, og ved sam møte med representantar for bedehuset som nyttar skulekjøkenet, er det kome fram semje om ei deling av skulekjøkenet med ein lettvegg. det står berre att detaljar om kor veggen nøyaktig skal plasserast.

Det er altså heile 2. høgda det er planar om å nytta til barnehage.

I saksframstillinga til formannskapet er rådmannen positiv til utbyggingsplanane, og tilrår at barnehagen blir utbygd etter dei planane som ligg føre.

Utgiftene til utbygging er foreslått finansiert ved at kommunen opptar eit lån på kr. 229.500 i Den Norske Stats Husbank, og kr. 40.500 vert overført frå ein post som er avsett til tillegssløyving.

Mange er nok interesserte i utfallet av denne saka, og særleg gjeld nok dette for foreldre til funksjonshemma barn.

PRESENTASJON AV LAG OG FORENING- AR I BOKN

I DAG: **Austre Bokn**

Jente- og Gutteklubb

"Klubben" er eit barnelag som vert drive i kristen regi, og står tilslutta Karmsund Indremisjon. "Klubben" starta hausten 1979, og held til i kjellaren på Austre Bokn Bedehus.

Når borna skal begynna i 2. klasse, kan dei og få koma på "klubben".

Annan kvar onsdag er det klubbkveld som varer i omlag to timar. Då arbeider vi med alle slag handarbeid som tresløyd, syng, hekling og forming av andre materialer.

Omlag ein gong i året held vi basar og loddar ut alle tinga som er ferdige, samtidig som dei blir stilla ut så foreldre og andre får sjå alt det fine som er laga gjennom året.

Basaren er av det gamle slaget med skikkeleg matøkt; Kaffi, brus smørbrød og kaker. Medlemmene steller i stand sjølv. Mødrene hjelper til med litt bakst kvar.

Av og til får vi besøk av barne- og ungdomsarbeidarar frå Karmsund Indremisjon - dei er med på vanlege klubbkveldar. Ein gong i året held dei leirkveld hos oss.

På klubbkveldane startar vi med arbeidene, så har vi pause med brus og chips. Til slutt er det samlingsstund med sang og ein liten andakt.

Siste møtet før jul er det julefest saman med søndagskulen. Då er alle i heile bygda velkomne til å vera med på fest, med underholdning, mat og gang rundt juletreet.

Før vi tek sommarferie, har vi ein grillkveld der heile familien og vener får vera med. Då får dei som er ferdige i 8. klasse pokal for å ha vore med heile tida.

Medrekna leiarane har Austre Bokn Jente- og Gutteklubb 20 medlemmer.

Med helsing leiarane

Eli og Svein Kro



Bokn Bygdemuseum

"BOKN SKAL FÅ BYGDEMUSEUM".

Slik stod det å lesa i avisa den 10. oktober 1978. Den 18. september 1978 på møte i Bokn kulturstyre vart desse valde til å arbeida med å få til eit bygdemuseum i Bokn: Ole Laupland, Eivind Øvrebø, Svein Ivar Langhelle og Målfrid Kro Trosnavåg. Det første møtet i nemnda skulle haldast 27. september. Svein Ivar Langhelle vart vald til formann. I eit vedtak om nemnda sine oppgåver heiter det: At dei skal driva innsamlingsarbeid av bevaringsverdige gjenstandar.

Nemnda henvende seg med skriv til alle husstandar der folk vart gjort kjende med at nemnda ynskte å samla inn alle slag gjenstandar. Tinga trong ikkje plent vera så gamle, men det viktigaste var å få bevara slikt som kunne gå tapt.

Det var heller få som reagerte på skrivet. Den fyrste var Elise us Vatnaland, og så Ingeborg H. Are. Men det har då gått framover med Bokn Bygdemuseum:

Pr. i dag har ein langt over 1.000 registrerte gjenstandar + Ungdomshuset på Håland som ein fekk overta vederlagsfritt. Det er det eldste forsamlingshuset i Bokn, bygd i 1909 av losje "Heimfred" og Bokn Kristelege Ungdomsforening, og så har Ole Laupland gjeve ei gamal kårstove som står på Laupland. Den er frå 1700 - talet.

Den 16. februar 1979 vedtok Bokn kommunestyre at Bokn bygdemuseum skulle vera ein kommunal institusjon, og vedtok forslaget til dei framlagde vedtekter, men at 5 medlemmer i nemnda. Birger Lindanger vart oppnemnd som det 5. medlem.

Den fyrste tida fekk museet ha tinga sine i eit rom i kjellaren i Bokn skule, men då Ungdomshuset vart overteke, så flytta ein tinga dit. Det har til sine tider vore mykje å gjera med å behandla det som me har fått. Endå står mykje i kjellaren og ventar på å verta rensa og fiksa. Ein del ting som me har fått på Austre Bokn står på Austre Bokn skule. Eivind Øvrebø har gjort det meste av prepareringsarbeidet. Takk skal du ha Eivind. Nemnast med takksemd må du Ole og, for alle dei gamle verdfulle tinga du har teke vare på og gjeve til museet + den gamle stova, og ikkje å forgløyma alle dei forklaringar og råd om dei gamle tinga som du har hjelpt oss med.

OPNINGSTIDER

Dei 2 siste åra har Bokn bygdemuseum hatt ope kvar søndag frå kl. 15.00 - 18.00 i juni - juli - august, så dei som ynskjer kan koma å sjå. Det er styremedlem som byter om å vera omvisar. Du spør vel: Ja, kva kan eg få sjå? Mellom anna: Gamle reiskap -- gamle bøker - gamle fiskereiskap og andre ting. Ta deg ein tur ein søndag. Det rare er at utflyttarar og innflyttarar har vore dei som helst har kome. Dersom nokon vil koma å sjå utanom opningstidene, så berre vend dykk til ein av styremedlemene, så skal me ordna det.


Velkomen til å sjå i Bokn bygdemuseum. Det er ope fyrste søndag i juni, og kvar søndag i dei tri sommarmånadene.

P.S.

Ver venleg å sjå om DU har noko som kan høve til museet.

Med helsing

Målfrid Kro Trosnavåg



BOKN BYGDEMU-
SEUM HELD TIL
TIL I DET GAM-
LE UNGDOMSHUS
ET PÅ HÅLAND

Registrering av faste kulturminne i Bokn

Denne sommaren startar kommunen med registrering av faste kulturminner i Bokn. Registreringa er del av eit landsomfattande tiltak og blir utført i samarbeid mellom kommunen og eit sekretariat under Norsk Kulturråd. Formålet med registreringa er å skaffa fram allment kulturhistorisk stoff av verdi for arbeidet med miljøbevaring og planlegging i kommunen og for alle som søkjer kunnskap om den kulturhistoriske og bygningshistoriske bakgrunnen her i bygda. Registreringa gjeld ikkje skattespørsmål eller takstar o.l.

To registratorar, Aud Bokneberg og Dagny Grønnestad, vil utføra den delen av registreringa som skal utførast i sommar. Det vil berre bli høve til å registrera ein del av Bokn denne sommaren, men arbeidet vil fortsetja neste år.

Alle bygningar bygde føre 1900 skal registrerast, både våningshus, lær, naust og andre bygningar. Det er endå ikkje avgjort kva for andre jordfaste minner som seinare skal registrerast.

Registratorane vil stilla ein del spørsmål, m.a. om når huset er bygd, kven som bygde det, om huset er flytta eller ombygd, om det fins gamle fotografi av huset, eigar, gards- og bruksnummer, byggjemaate osv. Registrator vil også be om tillating til å fotografera og ta ein del mål. Mesteparten av arbeidet vil foregå utandørs, kun rominndelinga skal teiknast opp inne.

Me håper alle vil ta vel imot registratorane og gje dei opplysningane som kan skaffast.

NYTT FRA



BOKN
TRYGDEKONTOR

Denne gang tar vi for oss tilskottsordningen for høreoperater.
Den nye ordningen gjelder fra 1. mai 1986.

Hvem kan få stønad til høreoperat ?

Alle som har et hørselstap av et slikt omfang at høreoperat er en vesentlig betydning for den trygdedes hørselsfunksjon.

Hvilken stønad kan oppnås ?

Trygdekontoret yter stønad til anskaffelse av høreoperat med tilbehør og ørepropper.

I tillegg ytes det godtgjørelse av utgifter til

- a - 3 batterier eller ladeoperat med 2 akkumulatorer til hvert høreoperat.
- b - dekning av nødvendige utgifter til servise og reparasjoner av høreoperat som det er ytt stønad til.
- c - legeundersøkelse og reiseutgifter i forbindelse med anskaffelse av høreoperat.

Hva med de som har høreoperat fra tidligere ?

Stønad til gjennanskaffelse av høreoperat kan ytes når

- a - høreoperatet ikke lenger fungerer og det heller ikke hensiktsmessig kan repareres, eller
- b - den hørselshemmede ved hjelp av nytt høreoperat kan oppnå en betydelig forbedring av hørselsfunksjonen.

Hva med anskaffelse av høreoperat ?

Det er et vilkår for godtgjørelse av utgift til høreoperat at det foreligger rekvisisjon fra hørselssentral. Ta derfor kontakt med Deres lege eller med hjemmesykepleieren så vil De få råd og veiledning.

Betalingsbetingelser ?

Høreoperat med tilbehør er i tiden 1. mai 1986 og foreløpig inntil 31. januar 1989 h e l t g r a t i s.

Aperatet er folketrygdens eiendom.

Har du problem med hørselen ta kontakt med legen snarest råd. God hørsel skaper kontakt og trivsel.


Med vennlig hilsen
Bokn trygdekontor

HALD BOKN REIN!

ETTER EIN LANG VINTER OG KALD VÅR, KAN ME VEL NÅ
SEIA AT SOMMAREN ER I FULL ANMARSJ. DET ER DÅ PÅ
TIDE Å RYDDA OPP OVER ALT; IKKJE MINST LANGS VEI
ENE. EI OPPFORDRING TIL ALLE SAMBYGDINGAR ER DÅ:
HALD BOKN REIN!

6

BØKER... DET ER SNADDER DET!



OPNINGSTIDER:

TIRSDAG: 16⁰⁰ - 19⁰⁰

TORS DAG: 10⁰⁰ - 13⁰⁰

Frå VG 20. mai.

BØKENES 10 PÅ TOPP

MAI

(Forrige plassering i parentes)

1. (1) Karen Blixen: DEN AFRIKANSKE FARM *
2. (2) Jo Benkow: FRA SYNAGOGEN TIL LØVE-BAKKEN *
3. (3) Régine Deforges: I KRIG OG KJÆRLIGHET *
4. (4) Alistair MacLean: ENSOMT HAV
5. (7) John le Carré: DEN PERFEKTE SPION
6. (5) Wilbur Smith: BRENNENDE KYST *
7. (8) Dea Trier Mørch: MORGENGAVEN *
8. (10) Günter Wallraff: ALLER NEDERST
9. (Ny) Isabel Allende: OM KJÆRLIGHET OG SKYGGE *
10. (9) Anne Karin Elstad: — FOR DAGENE ER ONDE *

VG/SCAN-FACTS BOKBAROMETER

er basert på oppgaver fra 50 bokhandlere over hele landet, utvalgt slik at de utgjør et miniatyr-Norge når det gjelder bokomsetning. Salg gjennom bokklubber er ikke med.

Copyright: SCAN-FACT/VG

GÅ BOKVEGEN!
MØT BARNE-
OG UNDOMSBØKER

VIGDIS HJORTH
RÅTNE RIKARD
CAPPELEN *

AASE FOSS ABRAHAMSEN
DET ER IKKE MIN SKYLD
GYLDENDAL *

OLOV SVEDELID
BETONGROSENE OG PYROMANEN
TIDEN *

ANNE-CATH VESTLY
KAOS OG BIVØRVAR
TIDEN *

HÆGE FOLLEGG PEDERSEN
FANGET I ET ENGLEHUS
CAPPELEN *

TORVALD SUNN
WENCHE ØYEN
SNØSTORMEN
SAMLAGET *


TRYGVE BJ. KLINGSHEIM/ARILD JAKOBSEN
JULIUS
CAPPELEN *

BRILL SMITH-SIMONSEN
FORHOLD
GYLDENDAL *

ELIZABETH GEORGE SPEARE
RØDE BROR
CAPPELEN *

BENTE BRATLUND MELAND
DEI KALLAR MEG KVISA
LUTHER

STIG ERICSON
JENNY FRÅBLUEVATER
ASCHEHOLG *



* BOKA ER I BIBLIOTEKET VART.

VAKTLISTE HEIMESJUKEPLEIEN

Man. 2. juni Tir. 3 Ons. 4 Tor. 5	Elsa Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag.	Marie Faye har vakt frå kl.16-08.
Fre. 6 Lør. 7 Søn. 8	Elsa Nilssen har vakt heile døgnet.	
Man. 9 Tir. 10 Ons. 11 Tor. 12 Fre. 13	Elsa Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag.	Eva Svendsen har vakt frå kl.16-08.
Lør. 14 Søn. 15	Eva Svendsen har vakt heile døgnet	
Man. 16 Tir. 17 Ons. 18 Tor. 19 Fre. 20	Elsa Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag.	Gunn A. Grønnestad har vakt frå kl.16-08. ***** Eva Svendsen har vakt ons og tor. frå kl.16-08. Gunn A. Gr. stad har vakt fred. frå kl.16-08.
Lør. 21 Søn. 22	Gunn A. Grønnestad har vakt heile døgnet.	
Man. 23 Tir. 24 Ons. 25 Tor. 26 Fre. 27	Elsa Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag.	Eva Svendsen har vakt frå kl.16-08.
Lør. 28 Søn. 29	Eva Svendsen har vakt heile døgnet.	

MERK:

På tirsdagane på dagtid utfører heimesjukepleieien berre faste pleieoppdrag. Andre som treng hjelp denne dagen kontaktar legekantoret telefon 35 465.

TELEFONAR:

ELSE NILSSEN 35 338
MARIE FAYE 35 455
EVA SVENDSEN 35 339
GUNN GRØNNESTAD 35 593
LEGEKANTORET 35 465

LEGEVAKTTENESTE.

For dei som ønskjer å kontakta legevakta direkte uten å gå om heimesjukepleieien, er tlf.nr. 52 520 (Kopervik) kvar dagar mellom kl.15.00 - 08.00. Laurdag og søndag døgnavakt.

Stor aktivitet i musikkskulen

For ei stund sidan fekk boknarane lapp i posten om haustens tilbud frå musikkskulen. Bokn Bygdeblad ville gjerne veta meir om musikkskulen og tok kontakt med leiaren, Arne Håberg.

Bokn musikkskule vart starta hausten 1978 og vert leia av musikkleiaren som har 1/3 av full stilling. Denne er løna av kommunen. Musikkleiarens oppgåve er å administrera og koordinera musikkaktivitetane i kommunen. Ein har og kontakt med fylkesmusikarane. Kommunen driv musikkskulen med tilskot frå staten. Elevane betaler omlag 50% av kostnadene. Elevtalet våren -86 er 73. Av desse er det tre vaksne og det er flest jenter. I dag har ein fylgjande tilbud: Orgel, piano, gitar, messinginstrument, trommer, tverrfløyte, fiolin og leikarring. Av desse er det orgel, piano og leikarring som er mest populært. På spørsmål om kva slag ynskje ein har for framtida for musikkskulen, svarar Håberg at ein ynskjer fleire timelærarar med variert instrumentalkategori og då særleg strykeinstrument. Og målet: Kammerorkester!

Bygdebladet har og prata litt med ein av timelærarane ved musikkskulen, Venevil Birkelund. Hennes bakgrunn er 3-årig musikkline ved Bergen lærarhøgskule med piano og orgel som hovudinstrument. Vidare har ho eit årskurs som svarar til mellomfag og her kom tverrfløyta inn i biletet.

I år har Venevil 41 elevar. Venevil underviser og i fiolinspel sjølv om ho ikkje kan spela dette instrumentet. Her får ho imidlertid god hjelp av Sigmund Grønnestad. Han tek seg av den praktiske delen, mens Venevil sørger for notelæra.

Ein av Venevils elevar er Hans Marius Våga og Bokn Bygdeblad sluttar runden sin med ein prat med han.

Hans Marius har spelt piano hos Venevil i litt over eit år. Han har ein undervisningstime for veka og han fortel at han plar øva dei siste dagane før han skal til speletime. Hans Marius fortel vidare at han likar godt klassisk musikk og at spelinga er kjekk fordi han likar å læra nye ting og det å klara noko. På spørsmål om kvifor han trur det er flest jenter som går på musikkskulen, svarar Hans Marius at gutane kanskje ikkje tykkjer det er tøfft nok med klassisk musikk.

Me får la dette stå som ei utfordring til alle boknagutar. Skal musikkleiaren få ynsket sitt om kammerorkester oppfylt, må dei stå på!

FULLT PÅ FERJA



Blant oss boknarar kan ein vel trygt seia at veret og ferja er noko av det som oftast vert diskutert! Og ikkje noko kan vel få sinnet slik i kok som akkurat ferja - særleg ille har det vorte det siste året. Fleire og fleire av oss har fått oppleva å stå attende på kaien i tillegg til at ein på ein skilde avgangar må møte opp 1/2-1 time i førevegen for å vera sikker på å koma med. For pendlarane er desse forholda særleg irriterande. I tillegg til reise og lang arbeidsdag, opplever dei stadig vekk å ikkje koma med. Til dømes på avgang frå Bokn mandag morgon kl. 06.15 eller fredag ettermiddag kl. 16.15 frå Kopervik. Ferja er altså overbelasta, både med person- og anleggsbilar. Kva så når turist-sesongen står for døra? Kan me få ei betreløysing? Ryktene går. Nokon har høyrte at "Ryfylke" skal inn permanent i Boknasambandet.


Bokn Bygdeblad tok kontakt med trafikksjef Torgersen i Det Stavangerske Dampskibsselskab for å høyra korleis stoda er for tida når det gjeld Boknasambandet. Trafikksjef Torgersen var svært imøtekomande og kunne fortelja oss fylgjande:

På Boknasambandet hadde ein i fyrste kvartal 1986 hatt denne auken i trafikken: Januar 16.8%, februar 8.7% og i mars 2.8%. Dette gjev eit snitt på 8.7% -- noko som ligg på omlag same nivå som dei andre sambanda i fylket.

Det var ingen planar om å setja inn "Ryfylke" i Boknasambandet. Den skulle seljast. Ein såg auken i trafikken på Bokn, men kunne ingenting gjera. Det var likt for dei andre øysamfunna. (Det var trøysta.) I 1986 skulle DSD kjøpa inn to nye ferjer, ei til Rennes-øysambandet og ei til Jøsenfjordsambandet. På spørsmål om me no ville få "Hidle" eller "Ropeid" som reserveferjer for "Bokn", kunne trafikksjefen beroliga oss med at her ville ein få "Finnøy" - ei ferje som tek 30 bilar. DSD kunne ikkje gjera noko anna enn å konstatere at boknarane var lite nøgde med det tilbodet dei har i dag. "Det heile står på dei statlege myndigheter. Kontakt desse", var trafikksjefen sitt gode råd til oss.


Bokn Bygdeblad har fleire gonger ringt til Vegdirektoratet for å få snakka med kontorsjef Munkerud som er leiar for ferjetrafikken. Det, har imidlertid ikkje lukkast. Kanskje sit han i ferjekø?.....

Finlofeil



Terje A. Christensen

Finlofeil



snadder



Kanelkake.

7koppar mjøl
 4koppar sukker
 1pakke kanel
 4koppar surmjølk
 1kopp smelta smør
 2ss natron

Bland mjøl, sukker og kanel.
 Smelt smør. Bland smelta
 smør, surmjølk og natron.
 Spe med surmjølksblandinga
 oppi mjølblendinga.
 Rør godt. Steik kaka i smurd
 langpanne i 15 -20 minutt.

KARAMEL.

1 kopp sukker
 1 kopp mjølka
 3 ss smør (margarin)

Bland sukkeret, mjølka og smøret
 i saman. Rør til karamelen blir brun.
 Legg karamelen på matpapir å la det
 stivne. Ikkje bruk for sterk varme.
 DET SMAKER HERLEG.

DAJM.

4 ss sirup (lys)
 3 ss sukker
 2 ss smør (margarin)
 Rør alt saman i ei gryte
 og kok det opp.
 La det stå å koka i
 eit par minutt.
 Held så dajmen på
 eit matpapir, og
 la det stivna.
 Prøv sjølv og smak
 kor godt det er.

Rannveig, Mona, Elisabeth, Malin


Bokmelding.

Boka eg har læst heiter Vesle Virgil. Det er Ole Lund Kirkegaard som har skreve ho. Det er ei morosam bok. Hovudparsonane heiter Vesle Virgil, Oscar og Carl Emil. Boka handlar om tri gutar som bur i ein liten by. Ein dag går dei i selskap til Carl Emil og der skjer det mykje rart. Seinare prøver dei å finna ein skatt i fjella. Dei finn og ein levande drage, og dei lager eit høgt tårn på hustaket til Vesle Virgil. Dette er berre litt av det gale dei finn på. Resten får du lesa sjølv.

Boka er ikkje særleg spanande men ho er svært morrosam. Ho passer for gutar og jenter fra 6 år og oppover. Eg likte boka veldig godt og vil oppfordra andre til å lesa ho, for ein god latter forlenger livet.

Trond Foss


REBUS



÷R




÷U



÷PÅK + N

Mona, Malin



Terje J, Biarte

X-ORD

VASSRETT

- 1. Oppgaver
- 6. Ru
- 7. Bruker årene
- 9. Leverer
- 12. Artikkel
- 13. Tal
- 15. Klovn
- 17. Tresort
- 18. Tigge
- 19. Fyrste bokstaven
- 20. Tal
- 21. Stirre
- 23. Sjøplante
- 26. Husdyr
- 27. Vokalar

1	2	3		4	5
6				7	8
		9	10	11	12
13	14		15	16	
17			18		19
20			21		
		22	23	24	25
26					27

LODDRETT

- 1. Elv
- 2. To like
- 3. Konsonantar
- 4. Lever
- 5. Ein som ror
- 8. Sitte på hest
- 10. Inn på engelsk
- 11. Skribla
- 14. Tre like
- 16. Hylle
- 22. Røyk
- 24. Levere
- 25. To like

Per Egil, Anita

TUNGTRAFIKK I BU-OMRÅDE

13 FORELDREPAR I FØRESVIK BER KOMMUNEN OM TRAFIKKSIKRINGSTILTAK

I eit brev til Bokn kommune v/ ordføraren har samtlege småbarnsforeldre (13par) skrive under på ei oppfordring til kommunen om å sjå nærare på trafikktilhøva i bustadfeltet i Føresvik. Dei peikar på at bustadfeltet er tilført ein mykje større trafikkbelastning enn normalt utan at noko er gjort for å betra sikringstiltak i området.

Dei skriv at trafikken dei tre siste månadene har auka betrakteleg, og at det i krysset ved Jarle Larsen fleire gonger har vore nære på at mindreårige barn har blitt truffne av bilar som kjem austfrå.

Dei klagar på at bilførarane held for stor fart i høve til tillatt, **B**arn har små forutsetningar for å forstå og meistra kompliserte og plutslege farlege trafikksituasjonar.

Det er særleg den auka trafikken i samband med bygginga av Kombi-bygget som har gjort situasjonen svært vanskeleg den siste tida.

Småbarnsforeldra peikar på at dei fartsdemparane som fins, er plassert altfor langt borte frå krysset til at dei kan ha noko verknad. Dei meiner også at dei er altfor flate til at dei har særleg fartsdempande verknad.

Som dei fleste veit, ligg det også ein leikeplass ved dette krysset som mange av barna brukar til dagleg. Ein god del av ungane må her kryssa veien ikkje langt frå det omtala krysset for å koma over til leikeplassen.

Til slutt i brevet ber foreldra om at krysset må sikrast ved at det blir sett opp skilt som informerer bilistane om at barn leikar i veien, og at det må lagast fartsdemparar umiddelbart før og etter krysset, på både aust- og vestsida av krysset.

Bokn Bygdeblad har hatt kontakt med kommuneingeniør Hans Faye, som opplyser at det på eit fellesmøte mellom formannskap og teknisk utval blei gitt klarsignal til at det kunne leggjast ein såkalla "hump" i veien rett aust for krysset. Dette skal utførast nå i sommar. Kommuneingeniøren seier at han godt kan forstå at småbarnsforeldra har angst for det som kan skje i trafikken. Dette med "hump" i veien har vist seg å ha positive verknader. Det har vist seg at antal ulukker går ned ved slike tiltak.



KUNNGJERINGAR

UTBETRINGSSTILSKOTT- OG LÅN 1986

Bokn kommune har fått tildelt midlar til vidare utlån/tildeling i samband med utbetring av bustadhus.

Ein kan søkja om lån/tilskott til ulike slag utbetringsarbeid - t.d. innlegging av vatn, ordna med avløp, installera bad/WC, isoleringsarbeid o.l.

Desse kan søkja:

1. Husstandar der minst ein person er over 60 år.
2. Husstandar med funksjonshemma.
3. Husstandar med særlege sosiale behov.

Ordninga er behovsprøvd, og kommunen tek m.a. omsyn til inntekts- og formuestilhøve.

Med søknaden skal det fylgja eit overslag over kostnadene oppsett av ein bygningsmann. Dette overslaget må søkjaren syta for.

Lån/tilskott vert utbetalt når utbetringa det er søkt om, er ferdig utført og godkjent.

Søknadsskjema og nærare opplysningar får ein ved å venda seg til sosialkontoret.

SØKNADSRIST: 15. JULI 1986

HELSESTASJONEN

Frå den 9. juni blir helsestasjonsdagen skifta frå torsdagar til mandagar. Første dag på ein mandag blir altså den 9. juni frå kl. 09.00 - kl. 14.00.

I sommar er helsestasjonen stengt frå den 21.07. og 3 veker framover. og opnar den 11.08.

T A X I

Ein minner om tlf. nr: 35 554 og mobil tlf. nr: Ring 097 og be om 24 390.

BASAR PÅ HOGNALAND

Det vert basar på Hognaland bedehus laurdag 7. juni kl. 19.30.

Talar: Dag Vister Hansen.

Inntekta går til bedehuset

Alle velkomne.

BARNEFORENINGEN

"H A V D U R"

Det blir barneforening den 29.05, 5.06 og 12.06 kl. 17.30 hos Signe.

MUSIKKSKULEN

ELEV-KONSERT

Søndag den 8. juni kl. 15.30 på Bokn skule.

Musikkskuleelevene vil spela

piano - fløyte - orgel -

fiolin - og barneleikaringen vil ha framsyning av folkeviseleik og musikk-dans.

velkomen!

NAMN: _____

ADRESSE: _____

FOTPLEIE

Det blir fotpleie fredag den 6. juni.

Påmelding til sosialkontoret i tlf. 35 532.

SOMMARJOBB

Kommunen har vedlikehaldsarbeid som skal utførast i sommar. Det kan passa for skuleungdom som har fylt 18 år.

Henvendelse til kommuneingeniøren.

I REDAKSJONEN:

Ingunn Våge, Tove Steingildra og Reidar Alvestad.
Nytt blad kjem ut i månadsskiftet juni/juli. Deretter blir det ein "pause" til etter ferien, då me kjem att med nye blad frå månadsskiftet august/sept. Redaksjonen ønskjer framleis stoff til bladet som kan vera av interesse å ha med. Etter kvart har responsen blitt betre og betre, og me har også fått mange adresser utanom Bokn som me sender bladet til. Slikt gir inspirasjon til oss som arbeider med dette!

Bli med SR-BANK og Haga Bussferie på SR-klubb 60-tur.

Er du over 60 år og kunde i SR-BANK er dette noe for deg

Rundtur i Telemark

*

Finland

*

Kom innom oss og få brosjyre